

Årsmøte i Valdres Folkemusikklag

23. mars 2023 på Valdres Folkemuseum

Desse laga var representerte: Øystre Slidre, Valdreskvelven og Vårflaumen.

Mari Ormberg møtte for Valdresmusea og Solfrid Gjeldokk Nestegard for Folkorg.

10 deltakarar.

1. OPNING, opprop, val av møteleiar og referent, to til å skrive under protokollen, godkjenning av innkalling og sakliste

Bente vart vald til møteleiar og Bjørn til referent. Kari Hagaset og Jonny Rye vart valde til å skrive under protokollen. Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

2. ÅRSMELDING 2022

Årsmeldinga syner god aktivitet i laget, og vart samrøystes godkjend av årsmøtet.

Fylldige årsmeldingar frå Hilmestemnet og Strunkeveko vart gjennomgått og teke til vitande.

3. REKNESKAP Vfl og minnefond

Kasseraren la fram rekneskapen, som vart samrøystes godkjend.

Rekneskapen syner at økonomien i laget framleis er god. Det vart opplyst at rekneskapen blir ført etter kontantprinsippet. Soleis kom det inn dobbelt merkevareleige i året 2022. Overskotet for året 2022 vart på omkring 66.000 kr.

På Bolstads minnestipend står det at 150.000 kr, mens Røynes ærespris har innestående 15.000 kr.

4. ARBEIDSPROGRAM for 2023-24

Årsmøtet vedtok følgjande tillegg til arbeidsprogrammet:

«Folkemusikklaget vil stø opp om sosialt samkome fredagskvelden under landskappleiken, organisert av eit eller fleire av medlemslaga.»

5. BUDSJETT

Budsjettet vart samrøystes godkjend.

Årsmøtet meiner at eit «tak» på 20.000 kr til å støtte utgjevingar av bøker/CD er høveleg. Årsmøtet er positive til å stø utgjevingar og ynskjer ingen spesiell sum i budsjettet. Styret i Vfl vurderer dei søknadene som kjem inn.

6. MINNEPRISANE

Nytt ungdomsstipend og revisjon av vedtektene til Torleiv Bolstads minnestipend og Haldor Røynes ærespris.

Årsmøtet slutta seg til opprettinga av ein ny ungdomspris for utøvarar innan song, dans, langeleik, toradar, munnharpe og andre eldre folkemusikkinstrument.

Årsmøtet slutta seg også til styret sitt forslag til reviderte vedtekter for Bolstads minnestipend og Røynes ærespris.

7. VAL

Kari Hagaset la fram valnemnda si innstilling, som vart vedteken ved akklamasjon:

Styret:

Leiar:	Bente Hemsing	attval
Styremedlem	Frode Rolandsgard	på val i 2024
Kasserar:	Kyrre Strand	på val i 2024
Styremedlem:	Bjørn Strand	attval
Styremedlem:	Bergit Ødegård	ny
Rep. Valdresmusea:	Mari Ormberg	

Varamedlemmer:	1. Anne Kjellfrid Nøbben	ny
	2. Ragnhild Kolsrud	ny
	3. Berit Karlberg Myrvang	attval

Revisor:	Kim Tronrud	attval
	Runar Kolsrud	attval

Nemnda for minnefonda:

Stian Roland		ny
Johanna Fuglesteg	(vald for 3 år i 2021)	på val i 2024
Ragnhild Kolsrud	(vald for 3 år i 2022)	på val i 2025

Valnemnda:

Anne Mette Lunde	(vald for 3 år i 2021)	på val i 2024
Randi Før	(vald for 3 år i 2022)	på val i 2025

Styret får fullmakt til å finne ein ny representant.

Referatet frå årsmøtet er godkjent av:

Dato:

Dato:

.....

.....

Jonny Rye(Vårflaumen spel- og dansarlag

Kari Hagaseth/Valdreskvelven spel og
dansarlag